# Stolt Gudmund han tala

Solo/unison, kor og klaver

## Noter

Norske folkedansar, s. 45.
I Danseviser, sjuande utgåve.
Ved Knut Liestøl og Klara Semb.
Noregs boklag, Oslo 1951
Se nedenfor.

## Manuskripter i Nasjonalbiblioteket

| | |
|---|---|
| Mus.ms.a 6087 | "Stolt Gudmund han tala". 2 eks.: A: [1] bl. Kopi. B: [1] bl. Kopi. Arr. for blandet kor av Paul Okkenhaug. NBdigital:URN:NBN:no-nb_digimanus_259540. |

## Kommentar

Melodi og tekst: Trad.

# Stolt Gudmund

**Norsk folkevise (Trollvise)**
**Arr: Paul Okkenhaug**



2. Og stolte herr Gudmund kom ridand' i gård; Og gullsmeden ute for honom står.

3. Herr Gudmund han tala til gullsmeden så: «Eg vonar Signeliti, di dotter, å få!»

4. «Mi dotter, stolt Gudmund, du aldri kan få, For skal på havsens botnen rotna hennar hår.»

5. Og Gudmund han spela framtil med å, Han spela Signeliti or bylgjone blå.

6. Og Gudmund han spela så alle strenger brast, Så hadd' han Signeliti i armen sin fast.

7. Signeliti ho heldt i sin festarmanns hand: — Fager fell'e sol og blomar alle — «Sæl er den sveinen or bylgjom meg vann!» — For den som så vel kunde leika!

*Gudmund og Signeliti.*

Det er spått Signeliti at ho skal drukna. Det er ein *lagnad* som ho ikkje kan fly ifrå. Og då Gudmund ein dag rid med festarmoya si over ei bru, så kjem nykken og tek henne. Men den kjærleiken Gudmund ber til henne, gjev honom større makt enn dei vonde vetta i vassheimane. Ved den underfulle makt det er i tonane manar han moya attende til manneverda. — Visa er i ymse former kjend i Noreg, Sverike, Danmark og på Island. Her er berre medteki dei få versa som vert nytta til den vanlege dansemåten.